



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Blårømmet på Tunheim
Møtedato:	14.02.2018
Tid:	18-21.15
Deltakarar:	Kjell Nilsen, Ragni Haga, Greta Karin Wibe Svendsen, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Dag Johnsen, Erling Sølvik, Kari Espelid, Arne H. Hansen Forfall: Asle Zimmermann
SAKLISTE NR:	2/2018

Innkallinga godkjent og møtet sett med ny sak 22/18: SØKNAD OM ØKONOMISK STØNAD TIL SPORTSKAPELLET.

SAK 13/2018 **MØTE MED DIAKONIUTVALET FOR 2017** Sjå sak 83/17 og 04/18

Diakoniutvalet, som har bede seg fritekne frå verva sine frå 01.01.2018, var representert ved Marit Thorstein, Anne Gro Gutterød og Astrid Lepperød. Dei har alle tre vore med lenge, er i full jobb og ynskjer at andre kan gå inn i diakoniutvalet og overta arbeidet.

Vi hadde ei nyttig samtale om arbeidet og erfaringane deira. Dei to faste oppgåvene diakoniutvalet har gjennomført i mange år er utdeling av blomar før jul til eldre over 85 år i menigheten og open kyrkje allehelgens laurdag (lite oppmøte i 2017), samt pynting og deltaking på allehelgensgudstenesta.

Tanum menighetsråd er taknemlege for arbeidet dei har utført og for at dei sa seg villige til å ha ansvaret for å organisere blomeutdelinga før jul i år også, sidan dei har godt innarbeida rutine på dette.

SAK 14/2018 **GODKJENNING REFERAT 17.01.2018, saksliste 1/18**

Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.

Underskrifter protokollen: Ragni Haga og Arne H. Hansen

SAK 15/2018 **ØKONOMI/BUDSJETT SÅMANNEN** Sjå sak 08/2018

Leiar orienterte frå møtet i felles AU med Berg og Kjose den 08.02.18. Forslaget frå felles AU var å redusere tilskota frå menighetsråda til Sådannen i 2018 med 50 %, slik vi foreslo i Tanums budsjett, sidan Sådannen alt har ein buffer på over kr 100.000. Felles AU hadde også forslag om ei felles gåve til Leif Inge Gusland for den lange og trufaste tenesta som rekneskapsførar for Sådannen. Sjå sak 60/17.

Vedtak: Endeleg behandling av desse sakene blir lagt til møtet 14.03.2018.

SAK 16/2018

BEHANDLING/GODKJENNING AV ÅRSMELDINGA FOR TRUSOPPLÆRING 13-18 ÅR

Vedtak: Tanum menighetsråd har gjennomgått årsmeldinga frå Håkon Audun Sveen, som har vore vikar for kateket Britt Mari Omsland Zakariassen frå 01.01.-31.12.2017 i 50 % stilling. Menighetsrådet gjekk i sak 44/17 gjennom planen frå 2016 med dei justeringane og endringane trusopplærar og menighetsråd i fellesskap hadde kome fram til. Vi viser spesielt til avsnitta om konfirmantkullet 2016/17 og 2017/18, leiarutviklingsprogrammet «Begeistret lederskap» og Tunheim tensing. Menighetsrådet vil understreke det gode samarbeidet med trusopplærar og stiller seg bak innhaldet i årsmeldinga for 2017. Vi vil også peike på betydninga av den gode kommunikasjonen mellom trusopplærar, trusopplæringsutval og menighetsråd.

SAK 17/2018

ÅRSMELDING 2017

Vedtak: Utkastet til årsmelding for Tanum menighetsråd vart vedteke med dei justeringane som kom fram i møtet.

SAK 18/2018

ÅRSREKNESKAP 2017

Årsrekneskapan var oversendt menighetsrådet frå økonomisjef Tor Bakken på kyrkjekontoret med kommentarar. E-post datert 31.01.2018.

Vedtak: Vi vedtek årsrekneskap 2017 for Tanum menighetsråd med inntekter på kr 528.285 og utgifter/avsetningar på kr 505.614, og med eit overskot på kr 22.671.

SAK19/2018

DISPONERING AV OVERSKOTET/MINDREFORBRUKET FRÅ 2017 Sjå sak 18/2018

Vedtak: Vi set av det rekneskapsførte overskotet frå 2017 – kr 22.671 – til disposisjonsfondet.

SAK20/18

MENIGHETSRÅDETS VURDERINGAR AV ØKONOMI-SJEFENS KOMMENTARAR TIL ÅRSREKNESKAP 2017 Sjå sak 18/2018

Vedtak: Endeleg behandling av saka blir lagt til møtet 14.03.2018

SAK 21/2018

TENESTE PÅ SPORTSKAPELLET 18.03.2018

Vedtak: Olin Ambjørnsen, Ragni Haga, Kjell Nilsen og Kari Espelid tek ansvaret for denne tenesta.

SAK 22/18

SØKNAD FRÅ SPORTSKAPELLET OM ØKONOMISK STØNAD

Vedtak: Vi viser til det vedtekne budsjettet for 2018 der vi har løyvd kr 2000 til Sportskapellet.

SAK 23/2018

ORIENTERINGSSAKER/MELDINGAR

1. 25.03.2018 (Palmesundag) blir sokneprest Audun Hagas siste gudsteneste i Tanum.
2. Annonse for årsmøtet i Tanum menighet den 04.03.2018 i Østlandsposten 14 dagar før møtet. Ansvar sekretær. På www.larvik.kirken.no, ansvar nestleiar.
3. Leiar i orgelkomitéen, Elisabet Romøren, orienterte om framdrifta for nytt orgel i Tanum kyrkje. Komitéen skal ha møte om økonomi 1. mars og skrive kontrakt med firmaet som skal bygge orgelet den 18.04.2018.